

Fråfall; Ine Jeanett, Tonje, Karin,

50/22-23 Ungdomsarbeidet i Luster kommune statusoppdatering

Vilde har hovudansvar på Hafslo. Thomas Haugen i Gaupne. Ingrid ?

Klubben – mykje dei same som kjem. Ca 15 som er fast. Nokon kjem og går litt. Har det rett etter skulen, slik at elevane kan ete og vere der heile tida. Mykje ulike aktivitetar. Playstation, VR-briller, poker, monopol. Litt aktivitetar ute. Fotball og volleyball. Ungdomane kjem med ønskjer om kva dei vil ha. Muleg det blir biljardbord. Ønskje om å arrangere ein litt større middag f.eks med taco. Det fungerer veldig fint med dei som er der. Ønskjer å få med fleire. Har hatt annankvar veke med onsdag og torsdag. Ser at det er best oppmøte torsdagar.

Ope for 8.-10.klasse. Fram til sommaren no vert det opna for 7.klasse. Litt samarbeid med lærarane i 7.klasse, slik at klassen kan få komme på besøk i skuletida og bli kjent med lokala.

Vil prøve å rekruttere 7.klassingar inn i styret. Ser på korleis ein skal nå dei som ein ikkje når no både ift. til deltaking, men og i høve kva utstyr/aktivitetar som er ønskjeleg.

Ungdomsklubben både i Gaupne og Hafslo er ope for alle ungdommar i kommunen.

Viktig å sjå på mulegheiter for å vareta ungdomsklubben i ein overgangsfase ved bygging/ombygging.

Eit ønskje om eit møte i halvåret inn i årshjulet til FAU med ein statusoppdatering frå ungdomsklubben. Gjerne mars og september.

Jobbar med å få til Sommarmorro

Frimorro blir som vanleg

Rafting, fjellvandring og ein sykkeldag for 4.-7 klasse

51/22-23 Referat er sendt ut. Ingen kommentarar til det. Godkjent

52/22-23 Sender saka vidare til SU

53/22-23 Skjermbruk. Rektor tek spørsmålet vidare til trinnleiarane.

54/22-23 Utsending av info frå FAU i Visma.

Greitt å kunne ha mulegheita til å nytte Visma. Drøfta litt om at det kan bli «for mykje» informasjon på Visma. Rektor informerer om at når ein då har fleire barn i skulen vil ein då få ein melding for kvar.

55/22-23 Gratisprinsippet.

Status: har vore i kontakt med kommunalsjef oppvekst, men ikkje fått tilbakemelding enda. Bør drøftast på foreldremøtene til hausten (nytt FAU har nokre tankar kring gratisprinsippet som ein formidlar i foreldremøtene).

7.klassetur og 10.klassetur

Kven skal ha arrangement til 17.mai og fiskefestival, dersom ein ikkje skal samle inn pengar til skuleturane?

Forslag: Fau bør setje opp konkrete problemstillingar som skal takast opp på foreldremøtene til hausten slik at klassane kan avgjere korleis dei ønskjer dugnadsarbeid/gratisprinsippet skal føregå.

Innspel i høve bruktbui – foreldre kan få att pengar for ingrediensane til kafeen.

56/22-23 Evaluering av vårdugnad

Veldig vellukka. Mykje folk. Suksess med kaker og kaffi. Kan vidareføre dette neste skuleår.

57/22-23 Ein endring sidan sist, har teke inn ei setning om mulegheit for å publisere referat på nettside og/eller Visma.

58/22-23 Trafikktrygging

Merking er utført

Opning av hjertesona 13/6 i samband med sommaravslutning for 1-4. klasse

Korpset er førespurt om å spele ein song eller to

59/22-23

- a) - Kom opp i norsk eksamen 24/6. Munnleg fyrste veka i juni. Meir arbeid opp i mot eksamen no enn tidlegare.

3 ungdomsskulelærarar som er sensor på skriftleg eksamen

4 som skal vera sensor på munnleg eksamen i Årdal

- Rektor har vore på synfaring knytt til nye Hafslo barnehage. Det forsvinn veldig mykje grøntområde for skulen. Skulen ønskjer at denne skal vera asfaltert (også med tanke på tilkomst for naudetatar året rundt)

Bekymring kring uteområde for ungdomsskulen – denne elevgruppa har ikkje noko uteområde pr. no, ved omlegging vil dei også få barnehagen tett på.

Skulen har gjeve litt innspel i denne synfaringa.

- Stort sett i mål med tilsetjingar for hausten. Har ikkje fått på plass merkantilstilling enda.

- I gang med overgangssamtaler. Kjem i mål med dette.

- b) Fau-leiar informerer;

- Frå møte i samfunnsbygget 11.05.23

- spelte inn at lag og organisasjonar som benyttar området i dag bør inviterast inn i desse møtene

- Kva vert midlar frå overskotet etter 17.mai nytta til; desse er i utgangspunktet overført til bygdelaget

- Bruk/behov for rampe – kven skal ta ansvar for og administrere kano/kajakk-rampen.

Anna: 17.mai Kjenner til at det er kjøpt inn grønne matdunkar – veit ikkje kvar desse er. Det same gjeld pumpekanner. Viktig at det ulike utstyret har faste plassar, slik at dei ulike lag/org og kommitear veit kvar dei skal plasserast etter bruk.

60/22-23 9 av 10 klassar er ferdig valde

61/22-23 Ingen saker på Ymse i dette møtet

62/22-23 Organisering av FAU møter, saklister og referat.

Drøfta dette og anbefaler at nytt FAU tek dette opp og avgjer i sine neste møter.

63/22-23 – Foreldrenettverk status:

Alle klassar 1.-5. klasse har etablert og starta opp foreldrenettverk